

NVE

Konsesjonsavdelinga

Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

Leikanger den 19.august 2018

Søknad om mellombels uttak av grunnvatn til Leikanger vassverk - uttale

Vi viser til høyringsskriv til aktuell søknad frå 2.7.2018. Styret i Leikanger Jakt og Fiskelag (LJF) har gått gjennom søknaden.

Den pågåande kraftutbygginga i Leikanger vil endre mykje på vasstraumane i kommunen. For LJF er det for denne saka viktig å ikkje miste merksemda på dei interesseområda laget har. For nedste del av Henjaelva er det naturleg å generelt peike på elva som eit viktig naturelement i sentrumsområdet og spesielt som potensial for meir tilrettelegging for fiskeing.

LJF har ikkje grunnlag for å kome med merknader til bruk av grunnvatn som alternativ drikkevasskjelde i anleggstida.

Elvestykket gjennom sentrum av Hermansverk er ikkje mykje brukt i dag. LJF har i mange år samarbeidd mykje med barnehagar og skulen. «Bodskapen» laget vil ha fram er sjølvstekt det opplevingspotensialet som følgjer natur og friluftsliv. For dei aktuelle årsklassane er nærleik til attraksjonane sjølvstekt av største betydning. Vi ser det ikkje som sjølvstekt at born og ungdom har interesse for natur. Henjaelva har potensial til å fungere som eit sentralt tilbod med naturopplevingar om tilrettelegginga vert betre enn i dag. Vi tek det som sjølvstekt at den reguleringa som no kjem, også medfører at elva vert opparbeidd slik at både tilkomst til og breidda av bruksalternativ for elva vert mykje utvikla.

Utover eit kart med innarbeidd trase for leidninga frå borebrønnar til vassanlegget, er det ikkje mykje detaljar om tiltaket. I lys av momenta presentert over, er vi opptekne av at valt trase og teknisk løysing ikkje på nokon måte må medføre at tilgangen til elva vert redusert. Likeins må ikkje potensialet for å bruke elva verte redusert eller pålagt restriksjonar som følgje av tiltaket.

Men som antyda over, meiner vi dette kan betrast mykje. Rett tidspunkt for tiltak i elva er rimelegvis tett opp til oppstart av overføring av vatn til det nye kraftverket og i nær tid etter dette. Vi reknar med at grunnvasskjelda ikkje er aktuelt brukt lenger enn dei skisserte tre åra. Men det er alltid mogeleg at ting tek litt lenger tid enn det som er planlagt. LJF forventar då at grunnvassløysinga og røyrtraseen ikkje vert avgrensande for avbøtande tiltak i elva. Til dømes ved at det vert vanskeleg å få fram naudsynt utstyr til eit slikt arbeid, eller at leidninga ligg slik at den hindrar gjennomføring av gode tiltak. Det bør difor setjast krav om opprydding etter anleggstida.

Ut over dette har vi ikkje nemnande merknader.

Med helsing

Leikanger Jakt -og Fiskelag

Svein Inge Lundheim

Svein Inge Lundheim

leiar

